

# Kulturlandskapscenteret i Telemark AS



Fagtur i det grønne. I lauvingslia på Myljom-To. Hjartdal.

Foto: Gunhild Geirsta.

## Årsrapport 2007

## **1. Styret**

Styret i Kulturlandskapssenteret var i 2007: Olav Tho (leiar), Lars Bjaadal, Ann Norderhaug, Dag Lindvig, Bjørg Minnesjord Solheim, Tor Gunnar Austjord og Ruth Gunlaug Haug. Vararepresentantar var Gunhild Geirsta og Tore Gunnar Bratsberg. På generalforsamlinga 20.06.07 blei talet på styremedlemmer redusert til fem. Dag Lindvig og Bjørg Minnesjord Solheim tok ikkje attval. Tore Gunnar Bratsberg tok heller ikkje attval som vara. Ny varamedlem blei Inger-Lise Skarstein. Styret har hatt 3 møte i 2007.

## **2. Tilsette**

Karoline Hartviksen fungerte som konstituert dagleg leiar i 60 % stilling fram til 01.03.07. Ny dagleg leiar, Ingvill Marit Buen Garnås, var på plass frå 12.03.07. Karoline Hartviksen fekk forlenga sitt engasjement i 60 % ut april. Dagleg leiar har hatt 80 % stilling frå ho tiltrod.

## **3. Aktivitetar**

### ***3.1 Slåttefestivalen***

Norsk Kulturarv, Slåttefestivalen og Kulturlandskapssenteret fekk gjennom Prosjekt Kulturlandskap solid støtte frå Landbruks- og matdepartementet til eit samarbeid om å fremme kunnskap om kulturlandskap. Løyvinga kom i 2006, og blei for Kulturlandskapssenteret sin del fordelt på arbeid i 2007 og 2008.

Kulturlandskapssenterets rolle i høve Slåttefestivalen er å utvikle eit fagleg tilbod som kan supplere den meir kommersielle sida ved arrangementet. Dette inkluderer eit samarbeid med Bioforsk. Kulturlandskapssenteret si ramme er på 125.000 kr og Bioforsk si ramme er på 50.000 kr. Slåttefestivalen har på si side fått støtte til å utvikle festivalen som arrangement, m.a. gjennom å etablere det fyrste offisielle NM i ljåslått.

Norsk Kulturarv la i samanheng med prosjektet sitt rådsmøte til Svartdal (Lien Fjellgard), med innlagt vitjing til Slåttefestivalen i Hjartdal. Landbruksministeren delte i samarbeid med Norsk Kulturarv ut den fyrste nasjonale kulturlandskapsprisen under festivalen. Det var ei gledeleg overrasking at denne gjekk til Hjartdal kommune, samt at styreleiaren vår, Olav Tho, fekk den tilknytte eldsjelprisen.

Kulturlandskapssenterets bidrag under Slåttefestivalen i 2007 var eit innlegg under Norsk Kulturarv sitt fagseminar om kulturlandskap festivalfredagen, ei temautstilling om slåtteeng i samarbeid med Bioforsk/Ann Norderhaug, innslag ved dagleg leiar og føredrag ved Bioforsk/Ann Norderhaug under opninga av festivalen og ljåslåttkurs med Bent Nilsen. Opplegget blir vidareført og utvikla i 2008.

### ***3.2 [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net)***

Vidareutvikling av nettsida [www.kulturlandskap.net](http://www.kulturlandskap.net) er òg ein del av Prosjekt Kulturlandskap og samarbeidet med Norsk Kulturarv. Kulturlandskapssenteret si ramme er på 150.000 kr. Norsk Kulturarv overtok i si tid sida av Fylkesmannen i Telemark, medan det enno var uvisst om Kulturlandskapssenteret ville bli realisert. Det var Ole Per Schei, dagleg leiar for Kulturlandskapsprosjektet i Hjartdal (1999-2002) og seinare tilsett hjå Fylkesmannen, som utvikla sida.

Kulturlandskapsenteret har i år utarbeida ny disposisjon og lagt inn ca. halvparten av det som skal inn av små temaartiklar. Norsk Kulturarv står for den tekniske tilrettelegginga og kommunikasjon mot Intellicom. Dei har òg det overordna redaktøransvaret.

### **3.3 Villblomanes dag**

Sundagen etter Slåttefestivalen fall på Villblomanes dag, eit landsdekkjande tiltak i regi av Norsk Botanisk Foreining. Me tok initiativet til eit samarbeid med Telemark Botaniske Foreining om ei markvandring med fokus på slåtteenger i Bondal i Tuddal. Wencke Bondal ynskte velkomen på Bondal skule, Kulturlandskapsenteret og styremedlem Ann Norderhaug hadde ei lita innleing, deretter gjekk markvandringa til Bondal Gardsmuseum. Her underhaldd Kulturlandskapsenteret, og utstillinga om slåtteeng var å sjå i museet. Øystein Bondal viste rundt i samlinga si. Trass i usikkert vêr var det god oppslutning og ”stinn brakke” både på gamleskulen og i kaféen på muséet.

### **3.4 Utstilling om slåtteenga på Tuddal Bygdetun**

Utstillinga som blei ferdig til Slåttefestivalen stod på Tuddal Bygdetun ut sommaren.

### **3.5 Foredrag for Statens Landbruksforvaltning**

Hjartdal kommune ved ordføraren blei invitert av SLF til å halde føredrag for alle sakshandsamarane i organisasjonen, om satsingane på Kulturlandskap i Hjartdal og Svartdal. Kulturlandskapsenteret blei invitert med. Me la fram ein del kring historikken i dei ulike prosjekta opp gjennom tidene, ulike erfaringar ein har gjort seg opp gjennom åra, og peika avslutningsvis på kvar dei største utfordringane ligg på kulturlandskapsfeltet i dag.

### **3.6 Fagturar**

Det har berre vore éin fagtur med omvisning i Hjartdal i år. Årsaka er truleg leiarskifte og for lite marknadsføring tidleg på året. Fagturen me hadde, var med Landbrukets hus/Midt-Telemark Landbrukskontor i slutten av mai, medan Systemarhand enno blømde. Me fekk mange gode tilbakemeldingar på opplegget, der me m.a. vitja lauvingslia på Myljom-To, Nedre Bøllås, Sud-Åbø, Sud-Hovland og Mylla. Tilbakemeldingane kjendest ekstra mykje verdt, med tanke på at dette var folk med god innsikt i faget.

### **3.7 Kurs i rydding av kulturmark og vegkantar**

På hausten gjennomførte me eit kurs i rydding av kulturmark og vegkantar. Medverkande i tillegg til dagleg leiar, var Bent Nilsen ([www.kulturlandskapspleie.no](http://www.kulturlandskapspleie.no)), Telemark Landskap & Bioenergi og representantar frå ryddeprosjektet i Hjartdal; Tore Gunnar Bratsberg og Ruth Gunnlaug Haug. Oppmøtet kunne ha vore betre, men me trakk deltakarar frå Vegårdshei i sør og Nore og Uvdal i nord, i tillegg til ein del lokale. Formen på kurset fungerte, i den forstand at dei ulike tilnæringsmåtane og innfallsvinklane utfylte kvarandre. Såleis var det viktig å gjennomføre kurset, sjølv om senteret ikkje tente så mykje på det økonomisk sette. Det gjekk i balanse, når senteret sjølv ikkje tok forteneste.

### **3.8 Prosjekt og konsulenttenester**

Kulturlandskapssenteret har vore involvert i to større ryddeprosjekt i 2007:

- Ryddetiltak langs vegar i Hjartdal
- Innsyn i landskap langs vegar i Tuddal

I tillegg er det utarbeidd 5 skjøtselsplanar/SMIL-søknader for einskilde gardbrukarar.

### **3.9 Førespurnader**

Gjennom året har Kulturlandskapssenteret svart på ei rekkje faglege spørsmål via telefon, e-post ol. Det meste av dette har vore små tenester der ein ikkje kan ta betalt, men som likevel tek litt tid å handtere.

### **3.10 Diverse kulturtilbod**

Kulturlandskapssenteret har halde følgjande kulturelle arrangement og kurs i løpet av året:

- Konsert med Lindemans songskattar frå Hjartdal (Ca. 50 frammøtte)
- Kurs i kveding, Hjartdal (11 deltakarar)
- Kurs i kveding, Hovden (10 deltakarar)
- Kurs i springar og gangar, nybyrjar (24 deltakarar)
- Kurs i springar og gangar, litt vidarekomne (18 deltakarar)

### **3.11 Div. møteverksemd**

I tillegg til styremøte har det vore avhalde fleire arbeidsmøte med både Norsk Kulturarv, Fylkesmannen, Slåttefestivalen og prosjekta me har arbeidd med i Hjartdal og Tuddal. Styreleiar har òg hatt eit sær møte med styreleiar i Norsk Kulturarv på haustparten.

### **3.12 Nordisk samarbeid**

Kulturlandskapssenteret har knytt kontakt med Nordisk Kulturlandskapsforbund, gjennom at dagleg leiar er valt inn i styret. Ho har delteke på eitt helgemøte. Eit inspirerande forum.

## **4. Marknadsføring**

### **4.1 Internettside**

Kulturlandskapssenteret hadde ferdig sida i 2006. Sida har vore justert og oppdatert i 2007. Systemet frå Intellicom er enkelt å handtere, og gjer redigeringsjobben lett.

### **4.2 PR-materiell**

Logo og PR-materiell var klart i 2006. Dette har vore justert og oppdatert i 2007.

Brosjyrer, flygarar og plakatar er skriva ut frå skivarar på Bygdesentralen. Skrivaren er bytt ut i 2007, og kvaliteten er upåklageleg. Dette gjer det mogleg å redigere eige PR-materiell på ein enkel og rimeleg måte.

### **4.3 Møteverksemd**

Hjartdal kommune la inn Kulturlandskapssenteret i sitt program for stortingsrepresentantar frå **SP på ”Lytt og lær”-runde**. Me fekk eit direkte møte med dei på Sud-Hovland, og drøfta moglegheiter og moglege kanalar for støtte til nye formidlingsprosjekt.

Under Slåttefestivalen fekk me eit uformelt møte/middag med **landbruksministeren**. Styreleiar og dagleg leiar var til stades, saman med m.a. styreleiar frå Slåttefestivalen. Me nytta høvet til å presentere verksemda, og sende signal om at det stadig er trong for midlar til den type formidling Prosjekt Kulturlandskap har lagt opp til

I vår hadde me eit samarbeidsmøte med **Fylkesmannens landbruksavdeling**, noko som m.a. resulterte i støtte til kursutvikling. ”Aksjon ut i mark og eng” mynta på born og unge, var òg blant tema som blei drøfta. Kulturlandskapssenteret blei seinare invitert til å presenterte seg for alle leiarane hjå Fylkesmannen, under ei leiarsamling på Lien Fjellgard. Her hadde me eit innslag med informasjon om verksemda, kombinert med kulturell underhaldning.

Me blei invitert til å presentere oss på eit møte i styringsgruppa for **Beiteprosjektet for Agder og Telemark**, halde på Hjartdal Kulturkafé. Det blei signalisert at våre tenester kan bli aktuelle etter kvart som dei 10 pilotane kjem på plass.

Me har elles hatt ei besøksrunde med **kommunane** i Øvre Telemark for å promotere oss og finne moglege område å samarbeide på. Dette har mellom anna vore på felles fagsamling for landbruksforvaltninga i Vest-Telemark, sær møte med Seljord kommune, Hjartdal kommune og Notodden kommune. I tillegg har me hatt vitjing av Landbrukets hus/Midt-Telemark Landbrukskontor.

**Telemark Bondelag** inviterte oss på eit styremøte på Hjartdal Kulturkafé, eit sær hyggeleg møte med gode tilbakemeldingar.

### **4.4 Dyrsku'n**

Kulturlandskapssenteret blei invitert til å stå på Fylkesmannens landbruksavdeling sin stand i ”Bondens møteplass”. Her stod med saman med m.a. Innovasjon Noreg. Det var liten plass til eige PR-materiell, og me blei truleg lite synlege. Tema for standen var økologisk landbruk. Det største utbytet av å stå der var nok å knyte kontaktar med andre på stand, folk frå lag og foreiningar. Me fekk elles forståinga av at ein eigen stand ”Bondens møteplass” er vanskeleg å få, da det berre er medlemmer av Telemark landbruksselskap som i utgangspunktet får det.

### **4.5 Bokslepp**

Forfattarane Guro Nordby og Anne Haugen Wagn kontakta oss i samband med utgjeving av boka si, ”*Kulturlandskap i Hjartdal, Notodden og Seljord*” i serien ”*Oppdag Noreg*” på Tun Forlag. Me var med dei på tre bokslepp i Hjartdal, Seljord og Notodden. Me skøyte til med kulturell underhaldning, samstundes som me fekk presentert senteret og nytte godt av annonseringa.

### **4.6 Media**

Telen var raskt på plass med omtale av ny dagleg leiar og prosjekt på nyåret, og har elles respondert på alt me har sendt av førehandsomtalar av arrangement og tilstellingar ut gjennom året. Varden/Telemark Tidend gjorde eit større intervju med dagleg leiar på haustparten.

Det er viktig å porsjonere ut informasjon knytt til konkrete tilstellingar, slik at me stadig har ein aktualitetsverdi.

Me hadde eit faginnlegg i Nationen 21.09.07 med tittelen "Å finna ein balansegang". Dette var eit innlegg i ein lengre debatt om rovdyr, kulturlandskap og biomangfald. Me fekk ingen motreaksjonar, trass i ein elles oppheita debatt. Me vel å tolke det slik at innlegget var nøkternt og faktabasert.

## **5. Søknadsarbeid**

Tidleg på året blei det klart at **Telemark fylkeskommune** kom til å gjeva tilsegn om oppstartstønad på 200.000 kr per år frå 2007-2009. Konstituert dagleg leiar hadde ein presentasjon av senteret på møtet saka blei handsama.

**Fylkesmannen** gav tilsegn på 45.000 kr i BU-midlar til utvikling av kurs i utvendig restaurering av eldre trehus. **Hjartdal kommune** og **Seljord kommune** har òg støtta kurs og tilbod med det me har søkt om (mindre summar, kring 2.500 kr).

Det hadde vore naturleg å byrje på arbeidet med ein søknad om forlenging av **Prosjekt Kulturlandskap** til Landbruks- og matdepartementet. Me fekk òg ei forståing av at Norsk Kulturarv ville samarbeide med oss om dette, og at dette skulle drøftast på haustparten. Dei sendte i staden ein frittstående søknad. Det må vurderast om tråden skal takast opp att.

Me søkte **Sparebankstiftelsen** om støtte til "Aksjon ut i mark og eng". Søknaden var knytt opp til Prosjekt Kulturlandskap, og såleis hadde me ein dialog med Norsk Kulturarv før søknaden blei sendt. Dei blei oppført som referanse, saman med Fylkesmannen i Telemark. Diverre reagerte Norsk Kulturarv på dette i etterkant av sendt søknad, og kontakta Sparebankstiftelsen. Me fekk avslag, men prøvar på nytt i 2008, mogleg i ein meir regional variant.

## **6. Vurderingar og utfordringar**

Det er tidkrevjande og kostbart å bygge opp ei kompetanseverksemd frå grunnen av. Det er stadig viktig å marknadsføre senteret og tenestene det kan utføre.

Dei fyrste åra har vist at det *er* stor trong for eit senter som kan samle og spreie ulike kunnskapar knytt til kulturlandskap. Alt høver det ikkje å ta betaling for. Ein del av denne formidlingsverksemda burde såleis vera statlege/regionale oppgåver. Me treng vidare å få på plass fleire større og meir langsiktige prosjekt. Dette vil gjeva tryggleik i verksemda, og vil samstundes auke sjansane for at me kan tene den lokale marknaden på det nivået etterspurnaden ligg og kan utvikle seg til.

---

Årsrapporten er skriven av Ingvill Marit Buen Garnås, dagleg leiar.